

TRYGGE NISSEDAL

Nissedal kommune- godkjent som trygt lokalsamfunn

2.september 2011

Etter mange år med samarbeid mellom lag og organisasjonar, næringslivet og administrasjonen i kommunen, var det offisiell markering fredag 2.september av at Nissedal er eit trygt lokalsamfunn

Vi starta med å vise beredskapen i kommunen. Politi, brann, ambulanse og Nissedal Røde Kors stilte opp i ei storstilt redningsøving i vatn med visning av relevant utstyr.

Alle innbyggjarane i kommunen var invitert. Barnehage, skule, gjester på fylkesnivå i folkehelse og beredskap, politikare og rådmenn i Vest Telemark likeeins. Leiar av Skadeforebyggende Forum overrekte oss det offisielle symbol på godkjenninga.



Det var stor interesse for redningsaksjonen. Alt gjekk bra til slutt.





Nissedal Røde Kors hadde ei aktiv økt med veldig interesserte elevar.



Brannbilen med alt utstyr blei synt fram .

Interesserte ungdomsskuleelevar fylgjar politiets aktivitet med diverse testar.



Etter demonstrasjonen ved kommunehuset gikk alle opp til Fleirbrukshuset. Her var det stands fra Helselag, Nissedal Røde Kors, Spinning og idrettskule. Barnehage og skule med Fiskesprell, smoothie og kake. Barnehagane demonstrerte saman med skule fysisk aktivitet og sunn kost. Folkehelse satsar på fysisk aktivitet og sunt kosthald for alle aldra.





Offisiell markering med talar, presangar og stemningsfull underhaldning.



”Me står saman-konsert” kvelden 2.september 2011

I samband med godkjenning som trygt lokalsamfunn fekk vi til ein konsert i solidaritet med pårørende etter terrorhandlinga 22. juli og svoltkatastrofen på Afrikas Horn. Mange lokale musikarar og teknikarar stilte opp på kort varsel. Med sponning frå næringslivet og bank, samarbeid med kyrkjelyd og eining for teknisk drift kunne ordførar, prest og kultursjef lose oss gjennom eit allsidig program.





STOR TAKK TIL ALLE SOM STILTE OPP DENNE DAGEN.

DET GODE LIV I TELEMAR



Folkehelseprogrammet

